



Flott framføring av Jingle Bells. Ebba, Cecilie, Iver, Anders og Ola. Dirigent er Dmitrii Kuzmin.

Førjulstida er travel både for unge og eldre songarar og musikarar. Det har 5 unge Uskedalsmusikarar erfart. Søndag var dei ein del av programmet på den tradisjonsrike julekonserten i Uskedal kyrkje, og dagen etter var dei på plass på scenen i konsertsalen i kulturskulesenteret. For tre av dei var det i tillegg deira første konsertar!



Anders Flygansvær Feet spelar allereie mjukt og vakkert på althornet.

Kvinnherad kulturskule krydrar førjulstida med mange flotte konsertar og andre førestillingar. Tidlegare har det vore både stor pianokonsert, danseoppvisningar og utstilling av kunstelevane sine arbeid. Denne veka held det fram, og det er tett mellom godbitane for publikum. I dag, mandag, var det to konsertar i konsertsalen i kulturskulesenteret, i morgon held det fram med konsert i kinosalen i Kulturhuset Husnes og onsdag står konsert i Rosendal samfunnshus for tur.

Mange elevar får på desse konsertane viktig øving i å stå på ein scene, og for publikum er det ei stor glede å oppleve kor godt det gror i det lokale kulturlivet. Mange uskedingar er også blant desse flinke musikarane. Fem av desse deltok på den første konserten mandag der uskedalen.no var blant publikum.



Berre 6 1/2 år gammel er Margrete Flygansvær Feet godt i gang på kornetten.

Konserten starta med gitarorkester før uskedelingen Anders Flygansvær Feet var første solist ut. Han framførte *Puff, den lille dragen* og *My heart will go on*. På det året han har spelt, har han kome langt! Med mjuk og varm tone i instrumentet som fortalde at denne guten øver godt og målretta, imponerte han på althornet. Han vart etterfulgt av søstera Margrete, berre 6 1/2 år og førsteklassing. Etter berre nokre månader på kornett vart det kjekt å høyra kor flott ho spela seg gjennom *Kom og hør på hornmusikk*.



Ola Hermann-Fossli sette oss i julestemning med *Deilig er den himmel blå*.

Neste uskedeling på scenen var Ola Hermann-Fossli, som også starta på aspirantopplæring i haust. Alt no har han lært seg å handtera trombonen så godt at han fekk oss i god julestemning då han framførte *Deilig er den himmel blå*. Også tvillingbror til Ola, Iver, er aspirant. Han har alt starta på tuba. Storesøstera, Ebba, har spela kornett i litt over to år. I kveld fekk vi høyra henne i ein av dei verkelege klassikarane blant julesongane, *O Helga Natt*. Ebba er alt moden for å spela denne svært vakre, men krevande julesongen. Ho gjennomførte den på strålende vis, og viss ikkje publikum kom i julestemning då, så forstår eg ingenting! Felles for alle solistane var at det høyrdest godt at dei er flinke til å øva heime. Alle har Dmitrii Kuzmin som lærar, og han akkompanerte dei på flygel.

Vi fekk også høyre Uskedalsblåsarane i eit nummer til. Her hadde dei også fått med seg Iver Hermann-Fossli på tuba, og med det sikra han eit skikkeleg 'fundament' når kvintetten framførte *Jingle Bells* i godt samspel. I tillegg til Iver bestod kvintetten av Ebba Hermann-Fossli(kornett), Cecilie Sundal Utne frå Rosendal(kornett), Anders Flygansvær Feet(horn) og Ola Hermann-Fossli(trombone). Det er kjekt å registrera at det gror så godt blant unge messingblåsarar i Uskedalen. Det er særdeles viktig for framtida til skulemusikken!

Elles fekk vi oppleva ein variert og flott konsert frå dei 36 kulturskuleelevane som gledde oss med god musikk og speglede på den vel times lange konserten. Flinke born og ungdommar gledde publikum på ulike instrument som gitar, piano, trommesett og marimba. Det var eit fornøgd publikum, i ein mest fullsett konsertsal, som applauderte taktfast etter at marimbaorkesteret Musango Marimba hadde avslutta konserten med feiande flotte afrikanske rytmar.



Nydelege *O Helga Natt* vart flott framført av Ebba Hermann-Fossli.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.